

Offentlege veganlegg og byggjesak



Temarettleiing



Norsk byggtjeneste oda Forlag

Haakon VII's gate 5
Postboks 1575 Vika
0118 Oslo

Trykk og innbinding

Melsom Grafisk, Sellebakk
2. utgave 1. opplag 01-2006

Illustrasjon: Anne Kristin Hagesæther



STATENS BYGNINGSTEKNISKE ETAT
Møllergt. 16 • Pb. 8742 Youngstorget 0028 Oslo
Tlf. 22 47 56 00 • Telefaks: 22 47 56 11
E-post: be@be.no • Internett: <http://www.be.no>

Melding HO-1/2006

Offentlege veganlegg og byggjesak

Temarettleiing



Innhald

1. Føreord.....	6
2. Unntak frå byggjesaksbehandlinga.....	8
Vilkåra for at ein skal kunne nytte unntaka	8
Kva inngår i offentlege veganlegg.....	9
Kva skjer der vilkåra for unntak ikkje er oppfylt	9
Unntak frå materielle føresegner	9
3. Nærare om unntaksføresegna	10
Vegkroppen	10
Rasteplassar, kontrollplassar og parkeringsplassar	10
Bruer.....	11
Tunnelar	11
Betongtunnelar	11
Undergangar og kulvertar.....	11
Rasoverbygg	11
Støttemurar	11
Støyskjermar	12
Innheigningar, også viltgjerde.....	12
Støyvollar	12
Fasadetiltak.....	12
Massetak og massedepot.....	12
Motfyllingar og bakkeplaneringstiltak	13
Anleggstiltak.....	13
Riving av bygningar og anlegg.....	13
Planting.....	13
Drensleidningar, terrenggrøfter, vidareføring av vassløp/stikkrenner, bekkereguleringar, overvassleidningar m/tilhøyrande anlegg mv.....	14
Trafikktekniske anlegg	14
Busslommer	14
Leskur.....	14
Ventilasjonsanlegg og elektriske installasjonar.....	14
Vegdekke, kantstein o.l.	14

4. Byggesaksreglar som alltid gjeld for offentlege vegtiltak.....	16
Estetikk	16
Utføring av byggjearbeid og krav til produkt til byggverk	16
Endring eller fjerning av tiltak, straffansvar og ulovleg byggjearbeid mv.....	16
5. Saksbehandling ved søknadsplikt.....	18
6. Tiltakshavarens ansvar ved unntak.....	20
7. Lover, forskrifter m.m.....	22



1. Føreord

Veganlegg er underlagt plan- og bygningslova (pbl) og er derfor i utgangspunktet søknadspliktig. Det er ikkje krav om søknad dersom anlegget på førehand er tilstrekkeleg detaljert avklart i reguleringsplan eller byggjeplan. Denne temarettleiinga gjer nærare greie for kor detaljert planen må vere for at det ikkje skal vere nødvendig med byggjesaksbehandling.

I samband med endringar i plan- og bygningslova våren 2003 vedtok Kommunal- og regionaldepartementet ei ny forskrift om saksbehandling og kontroll. Dette har gjort det nødvendig å gi ut ei ny, revidert temarettleiing om offentlege veganlegg der den nye forskrifta er innarbeidd.

Den nye saksbehandlingsforskrifta har same namn som tidlegare forskrift: forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker (SAK) av 24. juni 2003 nr. 0749.

Andre forskrifter som utfyller byggjesaksføresegnene i plan- og bygningslova er:

- forskrift om godkjenning av foretak for ansvarsrett (GOF) av 22. januar 1997 nr. 35
- forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk (TEK) av 22. januar 1997 nr. 33

Temarettleiinga er opphæveleg utgitt i samarbeid med Vegdirektoratet. Rettleiinga er revidert av Statens bygningstekniske etat.



2. Unntak frå byggjesaksbehandlinga

Offentlege veganlegg som blir utført etter føresegner gitt i eller i medhald av lov av 21. juni 1963 nr. 23 (veglova), er unntekte frå saksbehandlingsreglane og ei rekkje materielle krav i plan- og bygningslova dersom tiltaket er detaljert avklart i reguleringsplanen eller byggjeplanen, jf. SAK § 7 nr. 1 bokstav a. Reglane i plan- og bygningslova om ansvar og kontroll gjeld i alle høve ikkje der Statens vegvesen er tiltakshavar.

I utgangspunktet er veganlegg søknadspliktig etter pbl § 93 første ledd bokstav j. For slike anlegg gjeld lovas materielle føresegner gitt i eller i medhald av pbl så langt dei passar, jf § 84.

Etter lova § 93 andre ledd kan departementet ved forskrift gi unntak frå søknadsplikta. Offentlege veganlegg som blir utført etter føresegner gitt i eller i medhald av lov av 21. juni 1963 nr. 23 (veglova), er unntekte frå saksbehandlingsreglane og ei rekkje materielle krav i plan- og bygningslova dersom tiltaket er detaljert avklart i reguleringsplanen eller byggjeplanen, jf. SAK § 7 nr. 1 bokstav a.

Bakgrunnen for kravet om at tiltaket skal være ”detaljert avklart”, er at det ikkje skal vere nødvendig med ny behandling i byggjesak av tilhøve som alt er avklart gjennom reguleringsplanen eller byggjeplanen. Styresmakter, grunneigarar, rettshavarar og naboar skal gjennom behandling av reguleringsplanen/byggjeplan eller byggjesaksbehandling vere sikra medverknad med omsyn til den fysiske utforminga av tiltaket.

Er Statens vegvesen tiltakshavar, gjeld i alle høve ikkje plan- og bygningslovas reglar om ansvar og kontroll.

Mellombelse eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg er meldepliktige etter pbl § 85, jf SAK § 11. Dette gjeld også mellombelse eller transportable tiltak i samband med veganlegg.

Med heimel i SAK § 5 vil det vere høve til å gjere unntak frå kravet om søknad eller melding for mindre tiltak som er knytt til eit veganlegg.

Eit veganlegg er bygd opp av ei rekkje med element. I rettleiinga kapittel 3 er det lista opp kva element som går inn som ein del av anlegget - og som kan vere unnteken frå byggjesaksbehandlinga.

Vilkåra for at ein skal kunne nytte unntaka

Etter SAK § 7 nr. 1 bokstav a er offentlege veganlegg unntekte frå føresegnene om saksbehandling, ansvar og kontroll i pbl kapittel XVI dersom følgjande vilkår er til stades:

- vegtiltaket må gjennomførast i samsvar med føresegner gitt i eller i medhald av pbl og anna regelverk, jf. SAK § 4
- vegtiltaket må vere detaljert avklart i gjeldande reguleringsplan eller byggjeplan

Tiltakshavar har sjølv ansvar for å vurdere om tiltaket er detaljert avklart før byggjearbeida blir sett i gang. Kompetansen til å avgjere dette ligg hos kommunen.

Tiltakshavar er forplikta til gi melding til kommunen når tiltaket er godkjend etter anna lovverk og nærere gjere greie for når tiltaket vil bli sett i gang (SAK § 7 nr. 4). Alle opplysningar om tiltakets plassering som er nødvendige for ajourføring av det offentlege kartverket, mellom anna økonomisk kartverk, skal sendast til kommunen saman med meldinga. Det er likevel ikkje nødvendig å gi melding når kommune sjølv skal godkjenne tiltaket med heimel i anna lovverk.

Kva inngår i offentlege veganlegg

Offentlige veganlegg omfattar riksveg, fylkesveg og kommunal veg. Omgrepet omfattar alle tiltak som er ein naturleg del av veganlegget. Dette vil gjelde bruer, tunnelar, støyskjermar, støttemurar, ferjekaiar, rasteplassar, omlegging av leidningar, elektriske installasjonar, ventilasjonsanlegg og riving av bygningar og anlegg. I kapittel 3, Nærare om unntaksføresegna, er det nærare gjort greie for kva som er ein del av eit veganlegg.

Sjølve vegkroppen vil normalt vere tilstrekkeleg detaljert avklart i reguleringsplanen for riks- og fylkesveganlegg, jf Miljøverndepartementets og Samferdselsdepartementets retningslinjer for planlegging av riks- og fylkesveier etter plan- og bygningslova (for tida T-1057).

For enkelte andre element i veganlegget, til dømes støyskjermar og bruer, vil det i større monn vere behov for byggjesaksbehandling som følgje av at den fysiske utforminga av desse elementa ofte ikkje er detaljert avklart gjennom reguleringsplan eller byggeplan.

Kva skjer der vilkåra for unntak ikkje er oppfylt

Der vilkåra for unntak etter SAK § 7 nr.1 bokstav a ikkje er oppfylt, er tiltaket søknadspliktig. Det vil seie at reglane i pbl kap. XVI om saksbehandling, ansvar og kontroll gjeld.


Der Statens vegvesen er tiltakshavar, gjeld ikkje reglane om ansvar og kontroll, jf SAK § 7 nr. 1 bokstav a andre punktum. At unntaket fra føresegnene om ansvar og kontroll er knytt til tiltak der Statens vegvesen er tiltakshavar, har den verknaden i praksis at unntaket berre gjeld riksveg eller fylkesveg. I samband med riks- og fylkesveganlegg kan det vere aktuelt for Statens vegvesen å gjennomføre enkelte tiltak på kommunal veg. I slike tilfeller vil unntaksregelen i SAK § 7 nr. 1 bokstav a andre punktum også gjelde desse tiltaka.

Unntak frå materielle føresegner

Etter SAK § 7 nr. 1 andre punktum er offentlege veganlegg også unntekte frå andre byggesaksføresegner i plan- og bygningslova. Unntaket gjeld likevel ikkje følgjande føresegner:

- § 74 nr 2 om estetikk
- § 77 om utføring av byggjearbeid og krav til produkt til byggverk
- § 92 a om endring eller fjerning av tiltak
- kapittel XVIII om straffansvar
- kapittel XIX om ulovleg byggjearbeid.

Desse reglane er nærare omtalt i kapittel 4 Byggjesaksreglar som alltid gjeld for offentlege vegtiltak.



3. Nærare om unntaksføresegna

Der det ikkje føreligg avklaring i reguleringsplan eller byggjeplan av alle tilhøve som er nødvendige for å gjere unntak frå byggjesaksbehandlinga, må detaljspørsmål som står att behandlast i byggjesaka. Dette kapitlet listar opp ei rekke aktuelle element som kan vere ein del av eit veganlegg. Kvart element er kommentert med omsyn til kravet om søknad eller melding.

Vilkåra som er nemnt nedanfor skal berre leggjast til grunn når spørsmålet om søknadsplikt skal vurderast. Vilkåra er ikkje absolutte krav for innhald og utforming av reguleringsplanar og byggjeplanar for vegtiltak.

Dersom det er ønskje om å detaljere reguleringsplanen slik at vegtiltaket blir unntekte frå byggjesaksbehandlinga, er det viktig å vere merksam på at dette medfører mindre handlingsrom i den vidare prosjekteringa, og at det kan føre til behov for ny planbehandling ved endring av tilhøve der byggjesaksbehandlinga elles ville vere tilstrekkeleg.

Gjennom søknadsbehandling vil naboar og gjenbuarar ofte bli orientert om tidspunktet for gjennomføringa av tiltaket og om praktiske tilhøve i anleggsperioden. For tiltak som er unntekte frå byggesaksbehandlinga, er det føresetta at tiltakshavar gir tilsvarande informasjon om gjennomføringa.

Enkelte element er av ein slik karakter at dei ikkje krev søknad eller melding. Generelt sett er likevel føresetnaden for at det kan gjerast unntak frå byggesaksbehandlinga at dei ymse elementa er “detaljert avklart i reguleringsplan eller bebyggelsesplan”, jf SAK § 7 nr. 1 bokstav a, første punktum. Kva som

ligg i omgrepet “detaljert avklart”, er nærare sett opp for kvart element. Tekst markert med (A) er å rekne som absolutte krav som må avklarast i plan for vegtiltaket dersom tiltaket skal vere unntekte frå søknads- eller meldingsbehandlinga. Tekst markert med (B) er ikkje absolutte krav, men angir dokumentasjon som likevel bør leggjast fram.

Vegkroppen

(A) Føresetnaden for å kunne gjere unntak frå byggesaksbehandlinga er at køyrebanar, vegkryss, avkøyrslar, gang- og sykkelveggar, skråningsutslag og høgdtilhøve er fastsett i reguleringsplanen eller byggjeplanen.

(B) Vegprofilar og vegens stigningsforhold bør gå fram som tilleggsinformasjon til planen.

Rasteplassar, kontrollplassar og parkeringsplassar

(A) Føresetnaden for å kunne gjere unntak for byggesaksbehandlinga er at arealet og utforminga av raste-, kontroll- eller parkeringsplassen er fastsett i reguleringsplanen eller byggjeplanen. Arealet må gå fram av plankartet.

Eventuelle mindre bygningar som skal gå inn i anlegget er unntekte frå byggjesaksbehandlinga i den monn kommunen meiner det er føremålstenleg, jf SAK § 5 nr. 4 om andre mindre tiltak. Den vurderinga som kommunen gjer bør skje i relasjon til SAK § 9 om mindre tiltak på bygd eigedom og SAK § 5 andre ledd nr 1 bokstav a om mindre, frittliggjande bygning.

Bruer

(A) Føresetnaden for å kunne gjere unntak frå byggjesaksbehandlinga er at utforminga er fastsett i reguleringsplanen eller byggjeplanen. Plasseringa må gå fram av plankartet. I planføresegnene må det vere ei tilvising til tekniske teiningar som viser korleis brua skal vere utforma. Det må også gå fram av planføresegna kva slags materiale som er vald i den monn dette har noko å seie for korleis brua skal vere utforma.

(B) Dei brua får noko å seie for, bør ha tilleggsinformasjon i form av illustrasjonar, som gir god informasjon om korleis brua vil kome til å sjå ut.

Tunnelar

(A) Føresetnadene for å kunne gjere unntak frå byggjesaksbehandlinga er at utforminga av korleis tunnelen skal vere plassert, korleis tunnelportalene skal vere og om det føreligg eventuelle restriksjonar på bruk av område over tunnelen, er fastsett i reguleringsplanen eller byggjeplanen. Eventuelle restriksjonar på bruken av områda over tunnelen må gå fram av planføresegnene. I tillegg må det vere ei tilvising til nødvendige tekniske teiningar som viser utforminga av tunnelportalane, og eventuelt andre bygningsmessige tiltak.

(B) Det bør leggjast fram tilleggsinformasjon i form av illustrasjonar som gir dei tunnelen har noko å seie for, ei forståing av korleis tunnelportalane vil bli.

Det blir elles vist til Samferdselsdepartementets og Kommunal- og regionaldepartementets «Retningslinjer for saksbehandling ved brannsikring av vegtunnelar» frå juli 2000. Retningslinjene er utarbeidd innanfor gjeldande regelverk og byggjer på eit utkast fra Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap og Vegdirektoratet i samarbeid med Statens bygningsstekniske etat. Retningslinjene har Samferdselsdepartementet lagt ut på internett:

<http://www.odin.dep.no/sd/norsk/regelverk/rutiner/028041-220002/index-dok000-b-n-a.html>

Betongtunnelar

(A) For betongtunnelar vil reglane for tunnelar gjelde tilsvarande. I tillegg vil unntak frå byggjesaksbehandlinga vere føresett av at masseoverdekking og bruk av arealet over tunnelen er fastsett i reguleringsplanen eller byggjeplanen.

Udergangar og kulvertar

(A) Føresetnaden for å gjere unntak frå byggjesaksbehandlinga er at undergangens/kulvertens plassering, dimensjon og brukstilhøve er fastsett i reguleringsplanen eller byggjeplanen.

Rasoverbygg

(A) Føresetnaden for at det kan gjerast unntak frå byggjesaksbehandlinga er at rasoverbyggets plassering, utstrekking og utforming er fastsett i reguleringsplanen eller byggjeplanen. Plassering og utstrekking må gå fram av plankartet. I planføresegnene må det vere ei tilvising til tekniske teiningar som viser korleis rasoverbygget skal vere utforma.

(B) Det bør utarbeidast tilleggsinformasjon i form av illustrasjonar som gir dei overbygget har noko å seie for, ei forståing av korleis rasoverbygget vil bli.

Støttemurar

Etter SAK § 5 andre ledd nr. 3 bokstav f er det fastsett at det likevel ikkje vil vere noko krav om søknad for støttemurar om følgjande vilkår er oppfylt: muren er lågare enn 1 meter og er plassert meir enn 2 meter fra nabogrensa eller støttemuren er lågare enn 1,5 meter og er plassert meir enn 4 meter fra nabogrensa. I begge tilfella må muren ikkje hindre sikta i frisisiktsoner mot veg.

Vidare er det eit vilkår at muren er i samsvar med føresegnene gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, i tillegg til at den ikkje fører til fare eller urimeleg ulempe for omgivnadene eller allmenne interesser.

For murar som ikkje oppfyller desse vilkåra, er unntak fra byggjesaksbehandlinga føresett av at:

(A) plassering, utstrekking og høgd er fastsett i reguleringsplanen eller byggjeplanen. Vidare må materialval gå fram av planen i den monn det er avgjerande for utforminga. Plasseringa og utstrek-

kinga må gå fram av plankartet. Materialval og høgda på muren i forhold til terrengnivå må gå fram av planføresegnene.

(B) i område med bygningar bør det for større murar vere utarbeid tilleggsinformasjon i form av teyningar som viser høgda på muren i forhold til dei næraste bygningane.

Støyskjermar

Unntak frå byggjesaksbehandlinga er føresett av at:

(A) støyskjermeren er fastsett i reguleringsplanen eller byggeplanen med omsyn til plassering, høgde, utstrekking, utforming og materialval. Støyskjermerens plassering og utstrekking må gå fram av plankartet. I planføresegnene må det vere ei tilvising til tekniske teyningar som viser skjermens utforming og høgde i forhold til terrengnivå og dei næraste bygningane. Materialval må gå fram av planføresegnene.

(B) Det bør utarbeidast tilleggsinformasjon i form av illustrasjonar som gir dei det måtte vedgå informasjon om korleis støyskjermeren vil bli.

Innhegningar, også viltgjerde

Innhegningar med inntil 1,5 meters høgde krev korkje søknad eller melding, jf SAK § 5 andre ledd nr. 3 bokstav c. Med «innhegning» er det meint enkle, lette konstruksjonar (flettverksgjerde og andre gjerde som ikkje er tette). Vidare er det eit vilkår for unntaket at innhegninga er i samsvar med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, og som ikkje fører til fare eller urimeleg ulempe for omgivnadene eller allmenne interesser.

For innhegningar langs veg som er høgare enn 1,5 meter er unntaket frå søknadsplikta føresett av at

(A) gjerdetype, plassering, lengda og høgde er fastsett i reguleringsplan eller byggeplan.

Støyvollar

(A) Føresetnaden for at det kan gjerast unntak frå byggjesaksbehandlinga er at plasseringa, lengda og høgda er fastsett i reguleringsplanen eller byggeplanen. Plassering og lengd må gå fram av plankartet. Høgda må anten gå fram av plankartet eller planføresegnene.

(B) Det bør utarbeidast tilleggsinformasjon i form av illustrasjonar som gir eit oversyn over korleisstøyvol-len vil bli sjåande ut.

Fasadetiltak

Detaljert avklaring av fasadetiltak på bygning vil sjeldan skje gjennom reguleringsplan eller byggeplan. Slike tiltak vil derfor normalt måtte behandlast som ein vanleg byggjesak i den monn dette er aktuelt etter pbl § 93 og SAK § 7.

Etter pbl § 93 første ledd bokstav b må ein søkje om løyve til fasadeendringar. Etter SAK § 5 andre ledd nr. 2 bokstav a er det ikkje krav om korkje søknad eller melding for endringar av fasaden som ikkje fører til at eksteriørkarakter av bygningen blir endra. Det same gjeld om fasaden blir tilbakeført til tidlegare utføring som sikkert kan dokumenterast. Vidare er det eit vilkår for unntaket at arbeida er i samsvar med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, i tillegg til at arbeida ikkje fører til fare eller urimeleg ulempe for omgivnadene eller allmenne interesser.

Massetak og massedepot

Massetak og massedepot som ikkje går inn som ein del av eit konkret veganlegg, det vil seie massetak/-depot som ikkje fysisk er lokalisert i tilknytning til veganlegget, er søknadspliktig uavhengig av den avklaringa som skjer gjennom eventuell reguleringsplan eller byggeplan for massetak/-depot, jf. pbl § 93 første ledd bokstav i.

For massetak/-depot krev ein korkje søknad eller melding når ein skal fylla ut eller planere terreng og tiltaket ikkje fører til meir enn 3,0 meter avvik frå opphavleg terrengnivå i grisgrent strøk. I tettbygd strøk er fylling eller planering unntekte når tiltaket ikkje fører til meir enn 1,5 meter avvik. For begge tilfella er det eit vilkår for unntak at arbeida er i samsvar med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova og ikkje fører til fare eller urimeleg ulempe for omgivnadene eller allmenne interesser, jf SAK § 5 andre ledd nr. 3 bokstav g.

For massetak/-depot som er større enn dette, og som fysisk er lokalisert i tilknytning til veganlegget, er føresetnaden for at det kan gjerast unntak frå byggjesaksbehandlinga at

(A) uttaks-/oppfyllingsområdet, uttaksdjupn/oppfyllingshøgde, driftstilhøve, etterbehandling og etterbruk er fastsett i reguleringsplan eller byggeplan.

Motfyllingar og bakkeplaneringstiltak

Etter SAK § 5 andre ledd nr. 3 bokstav g blir det korskje kravd søknad eller melding for fylling eller planering av terreng når tiltaket ikkje fører til meir enn 3,0 meter avvik fra opphavleg terrengnivå i grisgrønt strøk. I tettbebygd strøk er fylling eller planering unntekte når tiltaket ikkje fører til meir enn 1,5 meter avvik. For begge tilfella er det eit vilkår for unntak at arbeida er i samsvar med føresegnar gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, og ikkje fører til fare eller urimeleg ulempe for omgivnadene eller allmenne interesser. For meir omfattende planering eller fylling enn dette, er føresetnaden for å gjere unntak frå byggesaksbehandlinga at

(A) tiltaka er fastsett i reguleringsplan eller byggeplan. Det må gå fram av plankartet kva område som skal planerast eller nyttast til motfylling. Framtidige terrenghøgder må gå fram av plankartet eller anna kartgrunnlag som det er vist til i planføresegnene. Restriksjonar på bruken av motfyllingsområdet må gå fram av planføresegnene.

Anleggstiltak

Bygging av mellombelse anleggsvegar, mellombelse vegomleggingar, riggområde, mellombelse massedeponi mv. er meldepliktig, jf pbl § 85 andre ledd og SAK § 11.

Mellombelse eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg må ikkje plasserast for eit lengre tidsrom enn 4 månader utan at kommunen har gitt samtykke og skal med ein gong fjernast når denne tida er gått ut. Dersom samtykke er gitt på ubestemt tid, skal slike innretingar fjernast når kommunen krev det.

Etter § 85 tredje ledd kan kommunen ved vedtekt fastsetje at mellombelse eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg ikkje kan plasserast innanfor fastsette delar av kommunens område, eller at dei berre skal kunne plasserast på nærare fastsette vilkår.

Etter SAK § 6 første ledd bokstav a er det ikkje kravd byggesaksbehandling for mellombelse eller transportable bygningar, konstruksjonar eller anlegg på eller i direkte tilknytning til bygge- eller anleggstomt. I samband med bygge- og anleggsverksemd vil det ofte vere nødvendig å gjere bruk av slike innretnin-

gar. Innretingane vil vere lovlege dersom sjølv anlegget kan få løyve til å bli gjennomført jamvel om det skaper mellombelse ulemper for omgivnadene. Dei kan heller ikkje nektast eller avgrensast gjennom eventuelle vedtekter som kommunen fastset etter § 85 tredje ledd, jf SAK § 6 andre ledd. Tiltaka må likevel ikkje plasserast slik at dei hindrar allmenn ferdsel eller friluftsliv eller på annan måte fører til vesentleg ulempe for omgivnadene, sjå § SAK § 6 første ledd.

Tiltak som ikkje inngår i unntaket som følgjer av SAK § 6 første ledd bokstav a, er likevel unntekte frå meldeplikt dersom

(A) anleggstiltaka er fastsett i reguleringsplan eller byggeplan. Tiltaka må gå fram av plankartet og/eller planføresegnene.

Riving av bygningar og anlegg

Riving av bygningar og anlegg nemnt i pbl § 93 første ledd bokstav a, er søknadspliktig, jf § 93 første ledd bokstav d. Dersom riving er ein føresetnad for gjennomføringa av veganlegget og elles er avklart i reguleringsplanen eller byggeplanen, er det ikkje nødvendig å ta spørsmålet om riving opp på nytt i ei byggesak. I slike tilfeller reknar ein det slik at nødvendig løyve er gitt gjennom vedtaket av planen. Tiltakshavar (Statens vegvesen, fylkeskommunen eller kommunen) må sjå til at det blir nytta kvalifiserte utøvarar for gjennomføringa av rivearbeida. Dersom kommunen krev utarbeiding av avfallsplan, skal planen vere godkjend før rivearbeida tek til. Avfallsplanen er eit oversyn over korleis bygningsmateriala skal nyttast eller deponerast. Tiltakshavar må følgje lokale rutiner om orientering som gjeld tidspunkt for stenging av straum, vatn og avløp - og kva som vil vere rivingstidspunktet.

I tillegg kan det - i de kommuner som har gitt vedtekt om det - bli krevd eit særskilt løyve etter pbl § 91 a. Føresegna omhandlar vern av den eksisterande bustadmassen. Føremålet bak føresegna er å sikre at det er til stades eit tilstrekkeleg tal med bustader og at desse dekkjer bustadbehovet. Det kan i løyvet vere sett vilkår om at dei det gjeld skal få ein erstatningsbustad.

Planting

Planting av buskar, plen eller liknande er ikkje noko tiltak som er søknads- eller meldepliktig.

Drensleidningar, terrenggrøfter, vidareføring av vassløp/stikkrenner, bekkereguleringar, overvassleidningar m/tilhøyrande anlegg mv.

Lokale drenslleidningar og vidareføring av vassløp/stikkrenner er korkje søknads- eller meldepliktig. Det same vil gjelde terrenggrøfter, bekkereguleringar mv. dersom desse tiltaka ikkje medfører vesentlege terrengingrep, jf. pbl § 93 første ledd bokstav i.

(A) Terrenggrøfter og bekkereguleringar som medfører vesentlege terrengingrep, vil vere unntekte fra byggjesaksbehandling dersom plasseringa, lengda og omfanget er fastsett i reguleringsplan eller byggeselsplan.

Trafikktekniske anlegg

I trafikktekniske anlegg høyrer med skilt, signalanlegg, lys, rekkverk, støytputer og liknande. Vanleg vegskilting og veglys og ordinære signalanlegg må reknast som mindre tiltak som fell utanfor søknads- og meldeplikta, jf SAK § 5.

Ikkje-ordinære skilt og signalanlegg vil krevje søknad og løyve i den monn kommunen meiner dette er nødvendig, jf SAK § 5 andre ledd nr. 4. Dersom slike innretningar blir vurdert i sammanheng for fastsette vegstrekingar, vil det vere aktuelt å vurdere innretningane samla ved ei eventuell byggjesaksbehandling. Behovet for byggjesaksbehandling kan avklarast med kommunen generelt eller i den enkelte saka.

(A) Dersom plasseringa og utforminga av skilt, signalanlegg og lyssetting er fastsett i ein reguleringsplan eller ein byggjeplan, vil det, uavhengig av det som så langt er nemnt, ikkje vere krav om søknad og løyve.

Busslommer

(A) Føresetnaden for å gjere unntak frå byggjesaksbehandlinga er at plasseringa og utforminga av busslomma er fastsett i reguleringsplan og byggjeplan.

Leskur

Leskur vil krevje søknad og løyve i den monn kommunen meiner dette er nødvendig, jf SAK § 5 andre ledd nr. 4. Behovet for byggjesaksbehandling kan ein avklare med kommunen generelt eller i den enkelte saka.

(A) Dersom plasseringa og utforminga av leskuret er fastsett i ein reguleringsplan eller byggjeplan, vil det, uavhengig av det som er nemnt, ikkje vere noko krav om søknad og løyve.

Ventilasjonsanlegg og elektriske installasjonar

Ordinære ventilasjonsanlegg og elektriske installasjonar som er ein del av veganlegget, det vil seie at dei kan reknast for å vere vegtekniske installasjonar, krev korkje søknad eller melding. Dette gjeld likevel ikkje for større anlegg som er synlege for naboane, til dømes ventilasjonstårn.

(A) Dersom plassering, utforming og materialval for slike større anlegg er fastsett i reguleringsplan eller byggjeplan, vil det likevel ikkje vere til stades noka plikt til å søkje.

Ventilasjonsanlegg og elektriske installasjonar som er ein del av ein bygning, er ikkje omfatta av unntaka frå kravet om byggjesaksbehandling etter SAK § 7.

Vegdekke, kantstein o.l.

Element som vegdekke, kantstein o.l. må normalt reknast for å vere mindre tiltak som korkje krev søknad eller melding.

I tilfeller der slike tiltak går inn i eit større gateopp-rustningsprosjekt der fleire tiltak blir gjennomført samtidig, vil det likevel vere nødvendig med søknad om løyve. I slike tilfeller bør alle elementa i gateopp-rustningsprosjektet vurderast samlet under byggjesaksbehandlinga.

(A) Dersom vegdekke, kantstein o.l. er fastsett i reguleringsplan eller byggjeplan, er det ikkje noko krav om søknad. Kommunen må likevel bli orientert om når gjennomføringa skal finne stad.



4. Byggjesaksreglar som alltid gjeld for offentlege vegtiltak

For veganlegg som etter SAK § 7 nr. 1 bokstav a er unntekte frå reglane i pbl kap. XVI om saksbehandling, ansvar og kontroll, gjeld likevel ein del byggjesaksføresegner.

Følgjande reglar gjeld også for veganlegg som er unntekte frå byggjesaksbehandlinga:

Estetikk

Plan- og bygningslova §§ 2, 20-1 og 74 nr. 2 slår fast at estetiske omsyn skal vektleggjast i plan- og byggjesaksbehandlinga. Dette gjeld også for offentlege veganlegg, og er understreka ved at § 74 nr. 2 om estetikk er gjort gjeldande for tiltak som er unntekte frå krav om byggjesaksbehandling etter SAK § 7 nr. 1 bokstav a.

Utføring av byggjearbeid og krav til produkt til byggverk

Plan- og bygningslova § 77 med tilhøyrande delar av forskrifta om krav til byggverk og produkt til byggverk av 22. januar 1997 nr. 33 gjeld så langt den passar for offentlege veganlegg.

Krav til produkt til byggverk rettar seg i første rekkje mot produsentar av byggjematerialar. Det føreset at offentlege vegar bli lagt med byggjematerialar som oppfyller krava etter reglane om produkt til byggverk.

Endring eller fjerning av tiltak, straffansvar og ulovleg byggjearbeid mv.

Etter pbl § 92 a skal tiltak unntekte frå søknadsplikt (bl.a. etter SAK § 7) vere utført i samsvar med krav som følgjer av føresegner gitt i eller i medhald av denne lova. Slike tiltak kan plan- og bygningsstyresmaktane krevje endra eller fjerna dersom plasseringa, utføringa mv. eller verksemda det fører med seg ellers, kan føre til fare eller urimeleg ulempe for omgivnadene eller allmenne interesser.

Utbyggjar av det offentlege vegnettet har ikkje høve til å setje i gang tiltak som fører til slik fare eller ulempe som nemnt i lova § 92 a. Tilsvarande må det også kunne leggjast til grunn at anlegg av offentleg veg ikkje skjer på ein slik måte at sanksjonsføresegnene i pbl kap. XVIII og XIX, i tillegg til SAK § 32, må nyttast.



5. Saksbehandling ved søknadsplikt

Dersom vilkåra for unntak ikkje er til stades, er veganlegget søknadspliktig og skal følgje reglane i pbl kap. XVI om saksbehandling, ansvar og kontroll. Utfyllande reglar er gitt i SAK.

Etter SAK § 7 nr. 1 bokstav a andre punktum skal i alle høve ikkje reglane om ansvar og kontroll nyttast for offentlege veganlegg der Statens vegvesen er tiltakshavar. Dette fører til at SAK §§ 18 og 19 om krav til opplysningar i søknad, ikkje skal nyttast så langt dette gjeld ansvar og kontroll.

For offentlege veganlegg der fylkeskommunen eller kommunen er tiltakshavar, gjeld reglane om saksbehandling, ansvar og kontroll fullt ut dersom tiltaket ikkje fell inn under unntaksføresegnene i SAK § 7 nr. 1 bokstav a. Det vil seie at reglane i SAK §§ 18 og 19 om dokumentasjon til søknaden gjeld. Stegvis saksbehandling i samsvar med SAK §15 vil berre unntaksvis vere føremålstenleg for offentlege vegtiltak.

Som en følgje av at vegtiltak i utgangspunktet skal behandlast etter reglane om søknad, er saksbehandlingsreglane for melding i SAK kapittel III i lita monn aktuelle for vegtiltak.



6. Tiltakshavarens ansvar ved unntak

Der Statens vegvesen er tiltakshavar for offentlige veganlegg, er ein sjølv ansvarleg for at arbeida blir utført i samsvar med føresegner gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova.

Dette gjeld også om anlegget er søknadspliktig etter pbl § 93, eller kjem inn under unntaksføresegnene i SAK § 7 nr. 1 bokstav a.

Statens vegvesen som tiltakshavar vil vidare vere ansvarleg etter plan- og bygningslova også der utbygginga er sett bort til private.

Dersom Statens vegvesen står som tiltakshavar ved utbygging av fylkeskommunale eller kommunale vegar, unnteke etter SAK § 7 nr. 1 bokstav a, vil Statens vegvesen vere ansvarleg ved sida av fylkeskommunen eller kommunen som eigar.

Statens vegvesen er ikke å rekne som tiltakshavar dersom veganlegget først blir teke over av Statens vegvesen når det er ferdigstilt.

Der fylkeskommunen eller kommunen er tiltakshavar for eit vegtiltak unnteke etter SAK § 7 nr. 1 bokstav a, er kommunen sjølv ansvarleg for at tiltaket er i samsvar med plan- og bygningslovgivinga. Dersom anlegget er søknadspliktig etter pbl § 93, gjeld ansvarsreglane i pbl kap. XVI fullt ut.



7. Lover, forskrifter m.m.

For alle tiltak som er foreleggingspliktige i henhold til områdekonsepsjoner, skal utbygger sende skriftlig orientering til de aktuelle kommuner og andre berørte.

- Plan- og bygningsloven av 14. juni 1985 nr. 77
- Forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker av 24. juni 2003 nr. 749
- Forskrift om godkjenning av foretak for ansvarsrett av 22. januar 1997 nr. 35
- Forskrift om krav til byggverk og produkter til byggverk av 22. januar 1997 nr. 33
- Veiledning til forskrift om saksbehandling og kontroll i byggesaker 2003 (utgave september 2003)
- Veiledning til forskrift om godkjenning av foretak for ansvarsrett 1997 (utgave oktober 2003)
- Ren veiledning til teknisk forskrift til plan- og bygningsloven (3. utgave april 2003)
- Veiledning - Om brann sikkerhet i vegtunneler (mai 1999 - utgitt av Direktoratet for samfunnsikkerhet og beredskap)
- Rundskriv H-7/97 om endringer av estetikkbestemmelser i plan- og bygningsloven
- Retningslinjer for saksbehandling ved brannsikring av vegtunneler, utgitt av Samferdselsdepartementet og Kommunal- og regionaldepartementet, juli 2000.

Ajourført informasjon om byggjeregler gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, rundskriv, rettleiingar m.m. finst på internett: <http://www.be.no>

